

SPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar

Utgåve 2 2019



Om bladet

Ansvareleg utgjevar:

Stord sokneråd og
Nysæter sokneråd

Adresse: Hamnegata 48, 5411 Stord

Telefon: 53 40 34 30

E-post: post@kyrkja-stord.no

Web: www.kyrkja-stord.no

Facebook: @kyrkjaistord

Kontomr: 3201.23.04578

Vipps: Nysæter #124663/

Stord #124653

(Gåver til kyrkjebladet merkast "SPIRA")

Design: Preg Design AS

Forsidefoto: Barbro H. Andersen

Trykk: SKAG Design og trykkeri

Opplag: 7500 /utgåve 1/ årgang 1

Papir: Miljøvennleg Paperwise



Redaksjon:

Olav Oma (redaktør),

Elisabeth Fauskanger,

Anders Grov Nilsen,

Svein Olav Langøker,

Barbro Høyland Andersen



DEN NORSKE KYRKJA

Stord og Nysæter

Ein hyllest til frivillig innsats

Kven er dei frivillige? Det er du og eg, det er naboen og fotballtrenaren, det er pensjonistar og yrkesaktive, det er trygdemottakarar og skuleelevar, kort sagt - vanlege folk.

Dei frivillige er uendeleg viktige i samfunnet, og i kyrkja. I denne utgåva av Spira ønsker me å synleggjera dette.

I kyrkja oppnar dei frivillige dører, tek imot oss, deler ut salmebøker og kaffi, dei stiller på trusopp- læringsstiltak, smiler, lyttar, snak-

kar, sørgjer og ler, dei gjer barn og vaksne trygge. Dei er seg sjølv. Jesus seier: 'Det du gjorde mot ein av mine minste, det gjorde du mot meg'. Til alle dykk som stiller opp: Tusen takk for tenesta!

SOKNEPREST OLAV OMA

Orgelrestauring i Stord kyrkje

Det er med stor glede me ser fram til rehabiliteringa av orgelet i Stord kyrkje, seier kantor Ole Jørgen Furdal. Dette er eit omfattande arbeid som blir utført av svært dyktige tyske orgelbyggjarar.

Etter at Schuke Orgelbau starta arbeidet med restauring av orgelet er galleriet i Stord kyrkje forvandla til ein orgel-verkstad. Det er ca 1800 piper som er borte ned fra orgelhuset. Alt blir gjort reint for støv og insekt og det som trengst blir reparert.

Det er dette som er årsaka til at Stord kyrkje har vore stengt i vekene den siste tida.

Orgelet er eit viktig instrument for kyrkjelyden si gudstenestfeiring, held Ole Jørgen fram, og fortel at en planlegg ei fest-



Borda var fint pynta til 6-åringane og familiene derira kom, og flanellografen stod klar



På kjøkkenet vart det laga potetsuppe frå bøn av, og heile teamet var i sving for å få middagen ferdig.



"Behind the scenes" på skulestartsamling

Kva er det som skal til for å ta imot over 60 personar til middag og samlingsstund to dagar på rad? Me tok ein tur innom trusoppplæringsstiltaket T6 for å sjå litt bak "kulissane".



Fleire timar før det venta innrykket av 6-åringar og familiene deira er det stor aktivitet på Fredheim. Kyrkjelydsdagane Elisabeth og Åse har med seg tre frivillige på T6-teamet i dag: Anne, Oddbjørg og Oddlin, og alle er i full sving. Når klokka er der er potetstappen kokt, karbonadane varme, salaten kutta, borda deka og lysa tent. Alt er klart.

Det fyllest opp i Fredheim, og T6-teamet tar imot og helseinteressert på seksåringane som kjem. No startar middagsseravinga. - Så, deilig å komma til ferdig mat og dekkja bord, seier ei smilande mor til Anne, som går rundt og skjenker saft.

Etter ei stund finn Oddlin fram desserten, og det er sjølvsagt populært. Praten går godt rundt borda. Nokre av barna er forsynt og har funne vegen til leikekasane som er sett fram. Etter kvart samlar Elisabeth barna til lystenning, song og bibelforteljing.

Ute på kjøkkenet er det igjen hektisk. No skal det vaskast opp og ryddast. - Som ved så mange arrangement i kyrkjene våre er dei frivillige medarbeidarane heilt avgerande for at slike kjekke tiltak skal kunna gjennomførast, seier Elisabeth. Ho ser nøgd til bake på ettermiddagen og takkar teamet sitt for innsatsen.

Frivillig innsats i kyrkja

I kyrkjene våre er lista over frivillige medarbeidarar lang! Her finn ein folk i alle aldrar og livssituasjonar, og lista over oppgåvene dei tilsaman utfører er også lang! Spira har vore ute og helst på nokre av dei frivillige medarbeidarane.



Heine Kaldefoss

1. Eg er med på kyrkjekaffi og nokre T-dags-arrangement, som t.d. Lys Vaken. Har elles vore med på konfirmasjonsarrangement, diverse kultur- og konsertarrangement, samt basar.
2. Det er kjekt å vera med på denne typen arrangement. Eg ser at det betyr noko for dei som kjem, og eg får sjølv knytta litt nye kontaktar.
3. Eg vart med først og fremst for å knytta kyrkja saman med resten av kulturlivet. Eg ønskjer å trekka nye sambygdingar til kyrkja og visa at kyrkjebygget kan brukast til meir og i ein større samanheng enn berre tradisjonelle gudstenester.

Helge & Maren Ottosen

1. Me har vore kyrkjevertar
2. Det er veldig kjekt! Det er ei oppgåve som passar godt til oss.
3. Me fekk spørsmål om å vera kyrkjevertar då ordninga vart oppretta, og har halde på heilt sidan då.



Leah Andersland og Amalie Ølsnes

1. Me var med på T9, Tårnagenthelg i Nysæter kyrkje i mai.
2. Me trudde det skulle bli kjekt å vera med som leiarar og ha ansvar, og det blei det. Me fekk oppgåver som var kjekke og me var saman som gruppeleiarar, og det synes me var bra.
3. Me blei spurt om å vera med som leiarar. Me var med på tårnagenthelg sjølv då me var 9 år og hugsa kor kjekt det var. Me vil gjerne vera med som leiarar igjen!



Malene Grov Almås

1. I det siste har eg ikkje vore med på så mykje, men eg hjalp til på T9 i fjor. Oppgåvene mine då var å vera skattejakt-guide og pizzaservitor for ein kjekk gjeng.
2. Eg synest det er fint å kunne bidra til at aktivitetane og arrangementa for barn i kyrkjelyden vert kjekke å delta på. Dessutan er det både kjekt og interessant å få eit innblikk i kva aktivitetar niåringar er med på i kyrkja.
3. Årsaka til at eg blei med på ei T9-helg var at eg fekk eit spørsmål frå onkelen min, Anders Grov Nilsen. Han lurte på om eg, saman med ein kjekk gjeng, ville hjelpe til under T9-arrangementet.

Lukkelege frivillige

FN har kåra Noreg til verdas lukkelegaste land fleire år på rad. Men kva skuldast dette? FN sjølv seier at det er tillit til andre menneske som er den viktigaste grunnen til at dei skandinaviske landa er på lukketoppen.

I Noreg er det over 70 prosent av oss som kan seia at folk flest er til å stola på. I USA er det berre cirka 30 prosent som seier det same. Tillit kan ikkje bli pumpa opp frå Nordsjøen eller Barentshavet. Stortinget kan heller ikkje lovfesta tillit. Tilliten blir skapt over tid, gjennom møte med andre menneske. I idrettslag, kor, båtlag, speidaren, fagforeninga, bedehuset – og i kyrkja.

Dei frivillige organisasjonar er heilt sentrale for tillitssamfunnet. Begrepet sosialt nettverk blei brukt for første gong i verda etter at den britiske sosialantropologen John Barnes hadde studert lokalsamfunnet på Bømlo på 50-talet. Mykje av tida brukte han på bedehus, forsamlingshus og kyrkjer.



Det er ein årelang tradisjon at bygdekvinnelegat stiller opp og pyntar til hausttakeløst i Stord kyrkje - ei flott frivillig teneste!

Lukkelege religiøse

Ei undersøking fra Pew Research Center tidlegare i år viser at aktivt religiøse er lukkelegare enn ikkje-religiøse. Forskarane fann òg at aktivt religiøse er meir aktive i organisasjonslivet generelt.

SVEIN OLAV B. LANGAKER

Fødd slik - eller blitt slik?

Hallgeir Haaland og Gerd Eli Lindtjorn Haaland arbeider som misjonærar for Normisjon. I 2019-21 er Gerd Eli og Hallgeir sitt arbeid i Dhaka, Stord sokn sitt misjonsprosjekt. Me møter familien på sommarferie heime hos Hallgeir sine foreldre på Hystad, eit steinkast frå Amlievegen der han vaks opp.

Her nytt dei regnfrisk og sval naturlegvis avkall på noko, men tur, samt tradisjonelle norske rettar som fredags-taco og komele. Kvardagen i asfaltjungelen Dhaka med over 17 millionar innbyggjarar og tropisk klima står i stor kontrast til ein typisk sommar i byen Leirvik med sine vel 14.000 innbyggjarar.

Jonathan (1. klassing) spurde ein dag kvifor me eigentleg bur i Bangladesh når det er så fint i Norge, fortel Gerd Eli. - Me går

naturlegvis avkall på noko, men det er berre for ein periode. Me og ungane skal tilbake til Norge, men det er viktig å sjå seg sjølv i eit større internasjonalt perspektiv også, seier Hallgeir.

Me opplever at Gud har bede oss om å gå ut. Og me ser behovet, lidningane og difor vil me gjera ein innsats i verdssamfunnet.

Hallgeir jobbar med leiartrening og Agenda1. Det vil sei at me ønskjer å kopla ulike kristne kyrkjer saman. Me samlar kyrkjene for å vitna om den kristne trua og byggja ein fellesskap blant dei kristne i Bangladesh, forklarar Hallgeir. Me utviklar leiarskap og arbeider med korleis ein som kyrkje kan vera meir til stades og open i nærmiljøet.

Mathea (4. klassing) kikkar innom under intervjuet og vil ha med mamma ut. Ho gjer klar regnkleda sine. - I Dhaka brukar me ikkje regnkleda, for der regnar det ikkje. Me går i shorts og t-skjorte heile tida, fortel Mathea. Ho og Jonathan går på Grace International School, medan ves-

HALLGEIR & GERD ELI

Utdanna leiar og arbeider som misjonærar for Normisjon

Bur i Dhaka, Bangladesh.

Reiste ut i januar 2018, og skal vera ute fram til sommaren 2021.

Har hus på Minde i Bergen.

Foreldre til Kristoffer, Jonathan og Mathea

Send epost til hallgeir.haaland@gmail.com om du ønskjer å følgja månadlege nyhende.

Du kan besøka misjonæranne. Om ei gruppe frå Stord ønskjer å reisa ut og sjå prosjekta på nært hald, set dei pris på besøk!

- Men det er jo ikkje så vanleg i 2019 å reisa ut som misjonærar. Er de fødd slik eller har de blitt slik, spør me. Då ler begge. Både Hallgeir og Gerd Eli er fødd i Etiopia. I same landsby. I same hus! Men med nokre års mellomrom. Begge er altså misjonærar. Men visste ikkje om kvarandre før dei møttest og fann kjærleiken i Oslo. - Eg har visst sidan eg var lita at eg ville bli misjonær. Dei gode opplevingane, verdiane og oppveksten eg sjølv har hatt, ønskjer eg å gi mine egne barn. - Og når eg møtte Hallgeir var han ikkje vanskeleg å få med, smiler Gerd Eli.

ANDERS GROV NILSEN



sine, og det finst ikkje støtte for desse i Bangladesh. Som norsk 3-barnsmor ser eg sjølv kor mykje støtte ein av og til treng, difor opplever eg det som interessant og nyttig å bidra til at barn får ein trygg og god oppvekst på denne måten, fortel Gerd Eli.

Kva tenkjer de om at Stord kyrkje vil støtta og heia på arbeidet de driv? - Me er privilegerte som reiser ut for Normisjon. Me har mange heime som heiar, ber og gir støtte. Det er det flotte med å vera utsending. Og det er svært kjekt at Stord vil vera med. Det set me stor pris på. Ekstra kjekt er det sidan eg er frå Stord, seier Hallgeir. Og så er det bra for kvar og ein, og lokalkyrkja, å sjå seg sjølv og verda i eit større internasjonalt perspektiv.



Med barn på gudsteneste

Korleis er det å vere ein ung familie og skulle finne sin plass i kyrkja? Me tok ein prat med Sigr d og Thomas i Sagv g om dette.

Thomas Lang y er 4 1/2  r og soknar til Nys ter kyrkje. Mama Sigr d fortel at dei har teke Thomas med i kyrkja fr  han vart d ypt og at han som baby likte musikken og den positive merksemda fr  dei som satt rundt.

Framleis er det musikken i gudstenesta Thomas likar best, men etterkvart har og det   g  til nattverd og   tenna lys blitt noko han likar godt. Thomas likar og godt n r det er kyrjekaffi med k eks, for d  treff familien mange dei kan snakke med.



”

Erfaringa v r er at det er rom for barna i gudstenestene!

ELISABETH FAUSK NGER

Det har vore viktig for foreldra   ta Thomas med i kyrkja. Dei yn-sker at han skal kjenne seg heimelig og har f lt seg b de sett og velkomne. Sigr d legg til at mange nok har ei ugrunna frykt for at barn m  vere musestille i kyrkja, erfaringa deira er derimot at det er rom for born i gudstenestene.

  vere med p  trusoppl rings-tiltaka i kyrkja har vore koselige treffpunkt, som ogs  har hjelpt familien   bli kjent med andre i kyrkjelyden. I haust gler dei seg til   ete middag p  T4 i kyrkja.

Bli med i trekkinga av fine premiar

Ta eit bilde av dei 5 feila du fann og send til

elisabeth@kyrkja-stord.no

MERK i emnefeltet med: KONKURR NSE

Svarfrist: 1. november



Finn fem feil!

Jesus ventar p  dei p  stranden med mystiskt br d og fisk. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila p  biletet til h gre?



F rgelegg!

Jesus viste seg for l r r sveinane etter at han hadde st tt opp fr  dei d de. Peter vart s  glad at han hoppa ut av b ten!




Tekningar: K n S rland

BARNAS SIDE

Hjelp  kornet   finne n ttene!

 korn er veldig flinke til   g yme n tter, men dei er ikkje like flinke til   finne igjen g ymestadane sine. Kan du hjelpe  kornet   finne n ttelageret sitt?



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppg vene er henta fr  bladet.

Bestill abonnement p 

stordagstoln.no eller 22 03 77 00

K rnibalen var p  fyrur.
- Har du lyst til   sj  menyen?
- spurde flyvertinna.
- Nei takk, men eg vil gjerne sj  passasjerlista.

Vitsar

Tre menn snakka saman om merkelege samantreff:
- Kona mi las ei bok om tvillingar, og s  fekk ho det, sa den eine.
- Kona mi las ei bok om trillingar og s  fekk ho det, sa den andre.
- Hjelp! ropa dei tredje. Kona mi sit heime og les All Baba og dei 40 revarane!

Konfirmantpresentasjonar

I løpet av tre gudstenester i Nysæter og Stord vart heile 164 konfirmanantar presenterte. Vi gler oss til å fylgje dei i konfirmanntil-



Oppstart i søndagsskulen

I begge kyrkjene våre har søndagsskulane starta opp for hausten.

Her er bilde frå oppstartsamlinga i Stord, der ein fin gjeng vart med ned i kapellet til bibelforteljing, song og kreativ aktivitet.

Det er søndagsskule og familiegudsteneste jamleg i kyrkjene våre. Du finn planar med datoar på heimesida til kyrkja, www.kyrkja-stord.no.

Velkommen med barna til søndagsskulen!



Nye sokneråd er valde

No er nye sokneråd for perioden 2019-2023 vald i begge sokn. Me takkar sitjande sokneråd for deira innsats, og ønsker dei nye råda lukke til i eit viktig oppdrag for kyrkja.

Stord sokneråd

Dag Sele
Egil Petterteig
Ingeborg Islaug Hatlevik
Ørjasæter
Nils Dale Elde
Kirsti Angvik Frugård
Anders Dahl
Johannes Vallestad Lamo
Sigrunn Ljosland

Vara:

Sigrd Beate Tveit Eskeland
Signe Wiersen Vorland
Dag Kjetil Lægrend
Dagfinn Koppang
Arne Rygg Drønen

Nysæter sokneråd:

Marit Stalheim Grimstad
Lars Heine Kaldefoss
Marta Kristin Valvatne
Oddbjørg Kringebotten Lø-
kling
Jens Arne Stautland
Katrine Valvatne Kvermenes

Vara:

Karen Marie Valvatne
Ingebjørg Råheim Grønsdal
Kristine Wiersen
Randi Bod Haugsdal
Ståle Betten

Kyrkjestova Fredheim

Det har lenge vore eit ønske å byggja kyrkjelydshus på Stord. Dette er eit arbeid som fortset, men uansett ligg eindel år fram i tid. Difor vekte det interesse då me vart kjende med at Frie evangeliske forsamlng vurderte å selja Fredheim.

Dette huset vil ikkje dekkja alle funksjonane som eit kyrkjelydshus vil ha, men mange aktivitetar vil kunna ha svært god nytte av eit slikt hus. Og så er det klart til bruk!

Kyrkja har ikkje sjølv økonomi til å finansiera eit slikt kjøp. Difor har me stifta ei ny foreining, som me har kalla Kyrkjestova Fredheim. Denne foreininga planlegg å kjøpa huset og samarbeida med soknerådet om pengeinnsamling. Dette er pengar som seinare kan gå inn i eit fullverdig kyrkjelydshus. Samtidig kan me sjå på dette som ein test på om det er grunnlag for at me seinare kan byggja eit større hus.

Me har opplevd stor entusiasme i kyrkjelyden og har stor tru på at verdien av eit slikt hus raskt vil bli så tydeleg at mange vil vera med å støtta opp om arbeidet. Om du vil vita meir om korleis du kan bidra, kan du komma på vår planlagde innflyttingsfest tysdag 15. oktober.

DAG SELE



Vervagudsteneste

Søndag 25.august vart den årvisse friluftsgudstenesta på Jensaneset i Sagvåg halden. Dette er blitt ei fin gudsteneste som vert feira kvart år under dei tradi-

sjonsrike Vervadagane i Sagvåg månadskiftet august/september. Første gong ein hadde denne gudstenesta var i følgje Rune Jørgensen i 1997.



Det var sokneprest Jørgen Knudsen som var prest i år, og ein mesingkvintett spela vakkert både til salmar, under offer og til postludum.

Omlag 90 menneske hadde møtt opp til gudstenesta. Det er ein fin tradisjon, dette!

BJARTE AADLAND

Syngande jubilant

Det er jubileumsår i kyrkja på Stord: Denne hausten fyller kyrkjekoret Sanctus 25 år. Det vert markert og feira med ei rekke konsertar og framføringar.



Koret vart starta opp av Turid Bakke Braut i 1994. Etter henne var Anne Loe og Jan Overweg innom som dirigentar. Frå hausten 1998 har Bjarte Aadland vore dirigent. Det er songarar frå begge sokna med i koret.

Mykje fint musikalsk har skjedd gjennom desse tjuetrem år. Mange vil hugsa koret sine framføringar av folkedansmesser saman med dansande folkedansarar. To gonger har dei tatt dette programmet med seg til sjømanns kyrkjer i Spania.

Vidare kan ein nemna Allehelgensmesse og Diakonimesse av Egil Hovland samt Julekanta-ten av Arne Dagsvik på lista over hogdepunkt. Tidleg i koret si levetid vart også "Det gode landet"

FOTO & TEKST: BJARTE AADLAND

Salmen min

Min båt er så liten
- og havet så uendelig svært
det sitte' ein tørste seilar
og minnes ein song han har lært
han lot vel'kje akkurat Jesus
få styra og stå ved roret
han blei trøsta i mang ei havn
men frelst, det e'kje ordet
I kveld vises film i lugaren
i hans indre litt slire kinosal
han ser seg på barndommens bedehus
- han ser 'besta' med veska og sjal
hu syngte i lag med de andre
om lammet og himmelens land
om Jesus som døde for vår skyld -
"ingen andre frelse kan"
Så ber de for bygd og fedreland
så ber de for dette og sønner
ei ber for sin tørste ektemann
så her kreves sterke bønner
Han ser vitale emisserar
- nåken med trekkspill og gitar
han ser lysbilder fra Madagaskar
det e' åresalg og kaffi - det e' basar
ungane på bildene e' svarte
- likavel så smile de og ler
og pengene som kom' inn på basaren
skal gi de evangeliet og kler
Så ber de for bygd og fedreland
så ber de for dette og sønner
ei ber for sin tørste ektemann
så her kreves sterke bønner
Ein aen gong ber de for høsten
de ber for folk og for fe
og ein får takke' for at tørsten
nå endelig har latt han vær' i fred
Min båt er så liten
- og havet så uendelig svært
seilaren e' trøtt og brisen
han sovrer nok av litekvært
og drømme om når han ein gong ska seila
inn i sin siste solnedgang
at han kanskje får ein plass på galleriet
så han får hørre litt englesang

BJØRN EIDSVAG

”



Då eg vart spurt om å presentera min salme, kunne eg ikkje koma utanom denne songen av Bjørn Eidsvåg: "Min båt er så liten", som tar utgangspunkt i den, for mange kjende barnesalmen med same namn.

På ein sterk måte formidlar han tru og håp. Den rører ved inste tankar, barnleg tru, levd liv, ærleg sårbarhet og eit håp.

Songen er ei påminning til oss om at ingen veit kva som inst inne bur i folk.

HILDEGUNN SÆBØ HEIMRO



Andakten

No er valet over - i kyrkje og samfunn. Mange av oss har røysta og sagt kven vi vil ha til å styra.

Vi som les er truleg ikkje einige om vala. Somme rakk ikkje opp, andre fekk ekstra stemmar og slengjarar.

Vi som ikkje stod på noka liste kan vera glade for at menneske stiller seg sjølv, og tida si til disposisjon for fellesskapa våre. Difor er det også rett å ynskje alle som no er valde til lukke med valet!

Kyrkja er reist i alle våre bygder og byar, for å minna oss om Jesus. Han har ikkje stemt på eit parti. Men han har gjeve si person-stemme til kvar av oss. Han likar, elsker menneske som oss, og han seier framleis, kom! "Kom til meg du som strevar og har tungt å bera, hjå meg skal de få kvila dykk ut."

SOKNEPREST OLAV OMA

Tusen takk til støttespelarane våre!

Me er svært takksame for alle dei gode støttespelarane i næringslivet som med ei annonse her gjer det mogeleg for Stord og Nysæter kyrkjelydar å gje ut kyrkjebladet.



Almaas Hotell Stord



Leirvik Elektro
Lokal fagkunnskap



Din egen kraft



anleggsgartner.no
JOSTEIN GRIMSEØ T. 97789400



Oma Baatbyggeri a.s.



Stord
tannregulering



post@interiorservicestord.no/tlf 98205395



**STORD
BEGRAVELSESBYRA**



VALVATNE

post@valvatne.no/ tlf 53402060



**HAUGLAND
TRANSPORT**



aktiv.
Eiendomsmedling
Tlf: 534 30 333
Ta kontakt for ein hyggeleg bustadprat!



Oma Slipp & Mek. Verksted a.s.

Annonseplass
for di
bedrift?

Annonseplass
for di
bedrift?

Annonseplass
for di
bedrift?

Me treng fleire på spleiselaget!

Ønsker du annonse i bladet? Gje oss i redaksjonen ei melding på
epost: spira@kyrkja-stord.no

**Vil du bidra
med ei gåve?**

Likar du det du ser og les?
Me har ein plan om å gje
ut to nummer i halvåret.
For å få dette til treng me
både annonsørar og glade
gjevarar.

Du kan gi ei gåve ved å
bruka Vipps (sjå nummer
nedanfor)

Du kan også støtta
arbeidet med ei
innbetaling merka
"SPIRA" til kontonummer
3201.23.04578

TAKK for gåva!

Du kan
betale med
vipps

#124653 Stord sokn
#124663 Nysæter sokn
Merk gåva di med "SPIRA"



Kyrkja i Stord og Nysæter
Følg oss på Facebook!

Verdt å få med seg i tida som kjem

Konsertar:

Søndag 27.10 kl 19:00:
Konsert v/Bjarte Aadland (orgel)
og Webjørn Sæter (saxofon) i
Nysæter kyrkje

Søndag 03.11 kl 18:00:
Helgemessekonsert v/ Stordko-
ret i Stord kyrkje

Søndag 10.11 kl 18:00
Konsert v/ Stord kammerorkes-
ter i Stord kyrkje



Opningfest for Kyrkjestova Fredheim

Tysdag 15.10 kl 19:30

Kyrkjebasar

Søndag 19.10 kl 15:00 i Nysæter
kyrkje


Kveldssamlingar i Stord
Samlingar med bibelundervis-
ning, nattverd og kveldsmat kl
19:30 torsdag 7/11 og 5/12

Kvilepuls i Nysæter

Open kyrkje med rom for å
vera stille, be eller tenna lys kl.
20:00-20:45 kvar tysdag

For barn & unge

Babysong i Stord kyrkje
Songstund med nistelunsj og
servering av kaffi/ te/ juice.
kl.11:00-12:00 følgjande
måndagar: 14.10, 28.10, 11.11,
25.11 og 09.12



SING SING og KRIK


Torsdagar i Fredheim for ung-
dom frå 8.klasse og oppover.
Velg SING-SING (kor/band) kl.
18.00-19.30 eller KRIK (aktivitet
i gymsal) kl. 18:45-20:30, eller
få med deg litt av begge deler.
Oppmøte på Fredheim, avslut-
ning på Rommetveit skule.

Småbarnsforeldretreff i Nysæter kyrkje

Møtestad for småbarnsforeldre
med mat og prat. Servering av
lunsj og leiker til borna. Kvar
måndag kl. 12:00-14:00

Songs katt i Nysæter kyrkje

Songstund i forkant av små-
barnsforeldretreff kl. 11:30-
11:50 følgjande måndagar;
21.10, 04.11, 18.11 og 02.12



Fireårsbok Nysæter

Førsamling og oppdagingsferd i
kyrkja laurdag 02.11 og familie-
gudsteneste søndag 03.11 med
barnebibel i gåve til alle som blir
4 år i år.

Fireårsbok Stord

Førsamling og oppdagingsferd i
kyrkja laurdag 16.11 og familie-
gudsteneste søndag 17.11 med
barnebibel i gåve til alle som blir
4 år i år.